



Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	02.03.2015
Tid:	12:00


Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

### SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/5	Referatsaker	
PS 15/6	Arbeidsmøte - kommuneplanens arealdel 2.3.2015	2013/562

Midsund, 23.02.2015

Einar Øien  
Ordfører

  
Astrid Abelseth  
Utvalssekretær

## **PS 15/5 Referatsaker**



Utval:	<b>Planutvalet</b>
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	02.02.2015
Tid:	12:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Bjørn Wang	MEDL	V

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Audun Hånes	Robin Mikal Sørлие	H
Stig Otto Dyrseth	Oddny Lisbeth Midtbø Rød	FRP

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Astrid Abelseth	Utvalssekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

  
Einar Øien

Odd Helge Gangstad

Bjørn Wang

Audun Hånes

Stig Otto Dyrseth

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 15/1	Referatsaker	
PS 15/2	Dispensasjon - Utlekking av flytebrygge foran naust Gnr. 115 bnr. 19 - Jan Trygve Dehlin Gulbrandsen	2014/254
PS 15/3	Klage på vedtak vedr. søknad om bruksendring Gnr. 53 bnr. 33 - Nygårdsvika	2014/343
PS 15/4	Dispensasjon - Riving av gammalt naust og oppsetting av nytt naust på same tomt Gnr. 45 bnr. 1 - Elsa Ugelvik	2014/400

Den 2. februar 2015 vart det halde møte i Planutvalet i kantina på Midsund kommunehus.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.

Robin Mikal Sørli (H) og Oddny Lisbeth Midtbø Rød (FRP) hadde meldt forfall. Audun Hånes (H) og Stig Otto Dyrseth (FRP) møtte som vara.

Møtet tok til 12.00.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

### **PS 15/1 Referatsaker**

#### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.02.2015**

Protokoll frå møte i Planutvalet 18.12.2014 vart godkjent.

### **PS 15/2 Dispensasjon - Utlekking av flytebrygge foran naust Gnr. 115 bnr. 19 - Jan Trygve Dehlin Gulbrandsen**

#### **Forslag til vedtak:**

Jan Trygve Dehlin Gulbrandsen får dispensasjon frå reguleringsplan for « Hyttefelt Dryna » og plan- og bygningslova § 1-8, til utlegging av flytebryggje på maks. 2m x 10m foran naust på Gnr. 115 bnr. 19 på Dryna.

Lovheimel: Plan- og bygningslova § 19-2

#### Vilkår:

- Friluftinteressene knytt til fri ferdsel langs sjøen skal ivaretakast.

- Dersom det under arbeidet vert oppdaga kulturhistorisk materiale som kan vere verna eller freda etter loven (keramikk, glas, vrakdelar etc.), må arbeidet stansast og NTNU Vitskapsmuseet varslast omgåande, jf. kulturminnelova § 14, tredje ledd.
- Det skal vere ei ryddig avslutning av arbeidet, og alle skråningar mot sjø skal plastrast med stein eigna for formålet.

### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.02.2015**

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart vedteke.

### **PS 15/3 Klage på vedtak vedr. søknad om bruksendring Gnr. 53 bnr. 33 - Nygårdsvika**

#### **Forslag til vedtak:**

Midsund kommune kan ikkje sjå at det er kome vesentlege nye opplysningar i klaga og opprettheld vedtaket i Planutvalssak 2014/21. Midsund kommune finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til bruksendring frå bustad til fritidsformål for gnr. 52 bnr. 33 – eigar Eva Kristin Nygård Østvik og Reidar Nygård.

Ein dispensasjon til bruksendring av gnr. 52 bnr. 33 vil medføre at ein vil få blanding av bustadhus og fritidsbustadar i eit område. Omsyna bak kommuneplanen sin arealdel vil dermed verte sett vesentleg til side. Vilkåra for å gje dispensasjon er etter dette ikkje oppfylt.

### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.02.2015**

Midsund kommune kan ikkje sjå at det er kome vesentlege nye opplysningar i klaga og opprettheld vedtaket i Planutvalssak 2014/21. Midsund kommune finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til bruksendring frå bustad til fritidsformål for gnr. 52 bnr. 33 – eigar Eva Kristin Nygård Østvik og Reidar Nygård.

Ein dispensasjon til bruksendring av gnr. 52 bnr. 33 vil medføre at ein vil få blanding av bustadhus og fritidsbustadar i eit område. Omsyna bak kommuneplanen sin arealdel vil dermed verte sett vesentleg til side. Vilkåra for å gje dispensasjon er etter dette ikkje oppfylt.

### **PS 15/4 Dispensasjon - Riving av gammalt naust og oppsetting av nytt naust på same tomt Gnr. 45 bnr. 1 - Elsa Ugelvik**

#### **Forslag til vedtak:**

Planutvalet gjev dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2. Riving av gammalt naust og oppsetting av nytt naust på same tomt Gnr. 45 bnr. 1.

#### Vilkår:

- Gjer oppmerksom på at eit automatisk freda kulturminne sørvest for naustet. Arbeidet skal utførast slik at dette ikkje blir skada.

- Det nye naustet skal ikkje vere høgare enn eksisterande naust, pga. det automatisk freda kulturminne.
- Eks. naust er eit SEFRAK- registrert bygg. Føresetnaden for riving er at det nye naustet vert oppsett innafør rammene av det gamle, kva gjeld storleik, takvinkel og farge- og materialval. Dette av omsyn til kringliggjande naust.
- Før ein startar opp må det gjevast byggjeløyve.

### **Behandling i Planutvalet - 02.02.2015**

Stig Otto Dyrseth stilte spørsmål om sin habilitet. Søker er hans tante, men han har ingen særinteresser i saka. 4 voterande. Samrøystes vedtatt at Stig Otto var habil.

### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.02.2015**

Planutvalet gjev dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2. Riving av gamalt naust og oppsetting av nytt naust på same tomt Gnr. 45 bnr. 1.

#### Vilkår:

- Gjer oppmerksom på at eit automatisk freda kulturminne sørvest for naustet. Arbeidet skal utførast slik at dette ikkje blir skada.
- Det nye naustet skal ikkje vere høgare enn eksisterande naust, pga. det automatisk freda kulturminne.
- Eks. naust er eit SEFRAK- registrert bygg. Føresetnaden for riving er at det nye naustet vert oppsett innafør rammene av det gamle, kva gjeld storleik, takvinkel og farge- og materialval. Dette av omsyn til kringliggjande naust.
- Før ein startar opp må det gjevast byggjeløyve.

**Møtet vart heva kl 16.25**



**Midsund kommune**  
Teknisk

Arkivsak: 2013/562-20  
Arkiv: 140  
Saksbeh: Linda Heimen  
Dato: 18.02.2015

## Saksframlegg

### Totimars arbeidsmøte om kommuneplanens arealdel

Utvalsak	Utval	Møtedato
15/6	Planutvalet	02.03.2015

#### Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

#### Saksutgreiing:

Administrasjonen ønskjer eit arbeidsmøte for å få politiske signal om arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Agendaen for møte vil vere basert på punkt 3.1 «Sentrale utfordringar i planarbeidet» i det vedtekne planprogrammet datert 16.10.2014.

#### Vurdering:

#### Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik  
Rådmann

Linda Heimen  
Planleggjar

#### Vedlegg (prenta):

#### Vedlegg (uprenta):

#### Særutskrift går til: